



ÅRSMELDING
SETESDAL REGIONRÅD
2019



OPENHEIT OG INNSYN ER TILLITSSKAPANDE VERKEMIDDEL


Setesdal Regionråd har fått på plass gode innsynsløysingar kring verksemda. Det er no mogleg på ein god måte å få overblikk over verksemda Setesdal Regionråd driv. Denne oversikta kan alle som ønskjer, no på ein lettvinnt og overkomeleg måte tileigne seg. Nærings- og løyvingssakene vert handsama i openheit, der berre informasjon som heilt klart ikkje har noko i offentlegheita å gjere, vert unnateke offentlegheita. Openheit og innsyn i offentleg verksemd er det viktigaste tillitsskapande verkemiddelet me har.

Dette året var verkeleg oppløpssida for endring av kommune- og fylkesstruktur. Ei slik endring har ikkje vore gjennomført sidan Scheikommisjonen la grunnlaget for kommunesamanslåingane tidleg på 1960 - talet. Aust- og Vest Agder vart til Agder. Søgne, Songdalen og Kristiansand vart til nye Kristiansand kommune. Mandal, Marnardal og Lindesnes vart til nye Lindesnes kommune. Samtidig vart Lindesnes kommune ein del av Region Kristiansand.

I denne situasjonen vert samhandlinga mellom flankane, Lister, Østregionen og Setesdal, desto viktigare. Regionråda, og oss mindre kommunar, må finne ein måte å samhandle med fylkeskommunen på, moglegheitene for dette er til stades før fylkeskommunen får «sett seg» i sin nye organisasjon. Vilje på politisk nivå i Agder fylkeskommune til samhandling og å ta heile Agder i bruk, er sterkt til stades. Eg har samstundes store forventningar også til at me får til god samhandling med fylkesrådmannen. Åseral kommune vart medlem hjå oss i Setesdal. Dette løfter vårt arbeid og bidreg sterkt til å løfte fram Innland Agder sin plass i Agder. I desember 2019 sette vi i gang arbeidet med ny strategi for Setesdal. Brei deltaking frå regionen var viktig heilt frå starten av prosessen. Dette måtte ikkje berre være ei styresak. Denne prosessen gir oss og moglegheita til at Åseral og oss gamle medlemmer vert godt sameinte til nytte for alle i vår region.

Vår region har store arealressursar. Turisme/reiseliv er ei stor næring i vår region. Mange andre næringar nyt godt av den utbygginga som har vore av fritidsbustader. I reiselivsnæringa opplever vi at hyttedestinasjonane veks, medan det tradisjonelle reiselivet med overnatting og liknande slit noko. Undersøkingar syner at vi kan rekne dei økonomiske verknadane for lokalsamfunnet kvart år på godt 50.000,- kr per fritidsbustad.

Vi opplever at vår viktigaste ressurs, arealet, stadig vert bandlagt, enten gjennom statlege planar eller fylkeskommunale planer. Regionalplan villrein og regionalplan for vatnforvaltning er døme på dette. Hadde vi samla krefter i arealplanlegginga ved eit regionalt samarbeid eller ved å samordne dei ressursane me rår over, meiner eg at dette ville kome oss til gode som naturressurskommunar, og turisme og reiseliv ville få ei større avkastning av verksemda si. Det er ved gode argument, bygd på kunnskap, ein vinn framtida.



Steinar Kyrvestad
Valle 27.05.2020



INNHALDSLISTE

STYRELEIAR HAR ORDET	3
STYREMELDING	4
ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA	4
FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET	4
FRAMHALD AV DRIFTA	4
ARBEIDSMILJØ - YTRE MILJØ	4
LIKESTILLING	4
ØKONOMI OG RESULTAT	5
SAKSOMFANG	5
GODKJENNING – ÅRSMELDING	5
ORGANISASJON	5
REPRESENTANTSKAP	5
STYRE	6
OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT	6
RÅDMENNENE I DEI SAMARBEIDANDE KOMMUNANE	7
ADMINISTRASJON – KONTOR	7
RÅDMANNSUTVALET	7
INFRASTRUKTUR	7
REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING	8
NÆRING/REISELIV	8
NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND	8
REISELIVSSAMARBEIDET VISIT SETESDAL	9
REISELIV	9
SETESDALSKONFERANSEN	10
INTERKOMMUNALT SAMARBEID	10
DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE	
IVELAND, EVJE OG HORNNES, BYGLAND, VALLE OG BYKLE	10
SEMINAR – NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT	10
REGIONALT POLITIRÅD	11
PROSJEKT	11
TRE I SETESDAL	11
PROSJEKT – MARA	
(MOBILITY AND ACCESABILITY IN RURAL AREAS)	11
DESENTRALISERT HELSESJUKEPLEIEUTDANNING	12
STUDIETUR TIL RØROS	12
INFORMASJON OG OPENHEIT	13
ØKONOMI	13

STYREMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2019.

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMUDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. Verksemda var organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i den gamle kommunelova. I samband med ny kommunelov vart det vedteke at verksemda skal vere eit interkommunalt politisk råd, organisert i medhald av kap. 18 i ny kommunelov.

Regionrådet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling, i tillegg har ein kompetanseutvikling som fokusområde.

FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd - vart lagde fram kring årsskiftet 2006–07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

På ekstraordinært representantskapsmøte 19.06.19 handsama representantskapet sak om endring i samband med ny kommunelov. Det vart også vedteke at styret skal ha to faste styremedlemar og to varamedlemar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og båe kjønn skal vere representert blant dei faste styremedlemane. På ekstraordinært representantskapsmøte 26.08.19 handsama representantskapet søknad frå Åseral kommune om medlemskap i Setesdal regionråd. Åseral kommune vart ny medlemskommune frå 1. september 2019.

I samband med utviding av rådet frå 4 til 5 deltakarkommunar vil det være naturleg å følge opp med en gjennomgang av visjon og mål for samarbeidet.

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2019 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram. Ein har hatt ekstra ressursar frå Fylkesmannen og Aust-Agder fylkeskommune knytt til prosjektet Tre i Setesdal, og frå Interreg Baltic Sea Region knytt til MARA-prosjektet. I tillegg har Setesdal regionråd fått støtte frå Fylkesmannen i Agder og andre til desentralisert helsesjuepleiarutdanning.

ARBEIDSMILJØ - YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore skader på personell eller utstyr i 2019. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

LIKESTILLING

Representantskapet i Setesdal regionråd er sett saman av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane, 13 kvinner og 12 menn. Styret i Setesdal regionråd er sett saman av 2 politikarar frå kvar kommune og består ved utgangen av 2019 av 5 menn og 5 kvinner. Det er 2 tilsette –1 kvinne og 1 mann. Rådmannsutvalet fungerer som valkomite for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemdar og der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapen for 2019. Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2019.

Budsjettavvik på refusjonar gjeld meirinntekt knytt til MARA og momsrefusjon, og på overføring gjeld det momsrefusjon. Underforbruk løn har samanheng med mellom anna premieavvik og tidsavgrensa pensjon (KLP), samt at ein mindre auke i bemanning i samband med MARA-prosjektet vart forskyvd frå 2019 til 2020. Mindre avsetning heng saman med at nokre utgifter og tilskott som ein forventa å avsette til fond ved årsskiftet for seinare utbetaling, vart utbetalt i rekneskapsåret 2019.

GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 15.06.20 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS 55/20

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt.

SAKSOMFANG

Regionrådet handsama i 2019 101 politiske saker, 59 referatsaker, og 20 drøftingssaker. Det vart fatta 20 delegerte vedtak frå administrasjonen. Regionrådet hadde 7 styremøte og 4 representantskapsmøte.

I tillegg til å gje ordinære høyringsuttalar, engasjerte regionrådet seg i fleire saker med regional betydning; til dømes sesongbase for luftambulans på Hovden, passkontor i Setesdal og Setesdal trafikkstasjon.



Steinar Kyrvestad, AP,
ordførar og styreleiar



Margit Dale,
SP



Jon Rolf Næss, AP,
ordførar



Tone Lise Avdal,
V



Sigbjørn Åge Fossdal, AP,
AP, ordførar og nestleiar



Anne Eikerapen,
H



Svein Arne Haugen,
AP, ordførar



Britt Ingrid Andersen,
AP



Inger Lise Lund Stulien,
AP, ordførar



Jan Arild Bjørndal,
Ap

ORGANISASJON

Det vart konstituering av politiske utval i samband med valet, ikkje ved årsskiftet, slik ein har hatt praksis for tidlegere.

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvar av dei fem samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. For perioden 2018/2019 var Steinar Kyrvestad leiar og Jon Rolf Næss nestleiar. Etter valet og for perioden 2019/2021 vart Jon Rolf Næss leiar og Inger Lise Lund Stulien nestleiar.

For perioden 2018/2019 var medlemmene i representantskapet desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss, Hans Blattmann, Anne Karin Blix Grimestad, Kay Arne Jeiskelid, Tone Lise Avdal
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad, Knut Hagen, Margit Dale, Hanne Straume, Hans Olav Omnes
- Bygland kommune: Leiv Rygg Langerak, Vidar Frøysnes, Vigdis Beisland, Olav Neset, Hallstein Homdrum
- Evje og Hornnes kommune: Bjørn Ropstad, Lars Reidar Vasland, Tom Roger Øydne, Line Kysnes Vennesland, Britt Ingrid Andersen

Etter valet og for kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i representantskapet desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss, Tone Lise Avdal, Kay Jeiskelid, Anne Karin Blix Grimestad, Kari Nomeland-Strømsøe
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad, Liv Tanche-Larsen, Knut Hagen, Georg Sørmo, Margit Dale
- Bygland kommune: Sigbjørn Åge Fossdal, May Britt Stenjør, Anette Skarshaug Skeie, Olav Neset, Signe Berit Sollien Haugå
- Evje og Hornnes kommune: Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Finn Bjørn Rørvik, Morten K. Haraldstad, Torhild Hornnes
- Åseral kommune: Inger Lise Lund Stulien, Jan Arild Bjørndal, Gro Boge Aasheim, Eirin Åsland Goksem, Jan Stangvik

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Rådmennene møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.



Bak frå venstre Sigbjørn Åge Fossdal, Steinar Kyrvestad,
Jon Rolf Næss, Svein Arne Haugen Morten Haraldstad.
Foran frå venstre Jan Arild Bjørndal, Margit Dale,
Tone Lise Avdal, Anne Eikerapen, Inger Lise Lund Stulien.
Britt Ingrid Andersen var ikkje til stades da bilete blei teken.

STYRE

For perioden 2018/2019 var Bjørn A. Ropstad vald til styreleiar og Leiv Rygg Langerak nestleiar. Etter valet og for perioden 2019/2021 vart Steinar Kyrvestad vald til styreleiar og Sigbjørn Åge Fossdal nestleiar.

I perioden 2018/2019 var medlemmene i styret desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss, Kay Jeiskelid og Tone Lise Avdal
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad, Knut Hagen og Margit Dale
- Bygland kommune: Leiv Rygg Langerak, Vidar Frøysnes og Anne Eikerapen
- Evje og Hornnes kommune: Bjørn Ropstad, Lars Reidar Vasland og Britt Ingrid Andersen

Etter valet og for kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i styret desse:

- Bykle kommune: Jon Rolf Næss og Tone Lise Avdal
- Valle kommune: Steinar Kyrvestad og Margit Dale
- Bygland kommune: Sigbjørn Åge Fossdal og Anne Eikerapen
- Evje og Hornnes kommune: Svein Arne Haugen og Britt Ingrid Andersen
- Åseral kommune: Inger Lise Lund Stulien og Jan Arild Bjørndal

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

Aust-Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Gro Bråten med fylkesvaraordførar John-Olav Strand
 - For fylkesrådmannen har Ola Olsbu (plan- og samferdselssjef) møtt
- Fram til Åseral kommune vart ny deltakarkommune i regionrådet, deltok Oddmund Ljosland som observatør frå Åseral kommune.



RÅDMENNENE I DEI SAMARBEIDANDE KOMMUNANE

- Aud Sunniva Fuhr – Valle
- Frantz Are Nilsen – Evje og Hornnes
- Aasmund Lauvdal – Bygland
- Karina Sloth Grinland – Bykle
- Dagfinn Lauvsland – Åseral

ADMINISTRASJON – KONTOR

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. For å få meir hensiktsmessige arbeidstilhøve flytta administrasjonen til andre lokale hausten 2019. Rita Hansen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling og Runar Granheim er tilsett i 100 % stilling som næringsrådgjevar. Regionrådet kjøpar tenester frå Valle kommune, og har tilknytt ei stilling i omlag 40 %.

Marie Pedersen har hatt denne rolla gjennom heile 2019. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, og kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Regionrådet har og avtalefesta tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. Det har og vore temporære tenestekjøp i samband med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling og prosjekt mv. Agder Kommunerevisjon IKS er revisor for regionrådet.

RÅDMANNSUTVALET

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker, i tillegg til anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Dagleg leiar deltek, tilrettelegg møta og er sekretariat for rådmannsutvalet. Interkommunalt samarbeid er særleg ivaretekne gjennom rådmannsutvalet si oppfølging av IKS-verksemdene.

Rådmannsutvalet møtes ein gong i månaden. I desember 2019 vart det skipa til internseminar for rådmannsutvalet, med tema openheit og transparens i kommunalforvaltninga ved advokat Kurt O. Bjønnes.





INFRASTRUKTUR

6. november 2019 vart strekninga Bjørnarå – Optestøyl opna for trafikk. Dette er ei delstrekning på 5,2 km med ein total kostnadsramme på 125 mill. kr. Mange møtte opp på markeringa, og fekk med seg både snorklypp, musikkinnslag ved Bykle musikkorps, underhaldning og helsingar før markeringa vart avslutta på Bykle hotell.

I statsbudsjettet for 2020, som vart vedteke 7. oktober 2019, vart restfinansieringa for Bjørnarå – Optestøyl sikra slik at restarbeidet kan fullførast i 2020. I same vedtak vart det sikra oppstartmidlar (10 mill. kr) til strekninga Besteland – Helle (4,2 km), slik at her vert oppstart i 2020. Vidare finansiering av Besteland - Helle vert i statsbudsjettet for 2021.

Vegstrekninga Besteland – Helle kom inn i budsjettet 6. oktober, dagen før det skulle opp i Stortinget 7. oktober. Rv 9 har hatt mange gode vener opp gjennom åra, denne ganga må vi takke og nemne Hans Fredrik Grøvan, Krf Vest Agder, spesielt for plassen på statsbudsjettet og dermed sikra vidare framdrift i arbeidet med gul stripe til Hovden.

På delstrekninga Rotemo – Lunden (2,2km) har det vore arbeid med planprogrammet/ reguleringsplan på strekninga. Reguleringsplanen for denne delstrekninga skal endeleg handsamast i kommunestyret i Valle august/september 2020. Dette for å sikre løyvinga i statsbudsjettet for 2021.





REGIONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Aust-Agder fylkeskommune ved fylkesordfører og fylkesrådmann møter fast på styremøte og held styret orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen medverkar tungt økonomisk til regional utvikling gjennom årleg, avtalefesta løyving frå Konesjonskraftmidlar, med midlar til regionalt næringsfond, samt avsetningar til Rv 9-utbygginga. Fylkeskommunen hjelper Setesdal mykje i oppfølging i aktuelle saker gjennom året, mellom anna sterkt i høve Rv 9- utbygginga.

Ein vonar at det gode, konstruktive samarbeidet ein har hatt med Aust-Agder fylkeskommune både politisk og administrativt, vil halde fram når Agder fylkeskommune vart formelt oppretta ved årsskiftet.

Første halvdel av 2019 vart prega av arbeidet med Regionplan Agder 2030. Administrasjonen deltok i fleire arbeidsgrupper, og regionen har vore aktivt representert i alle dei ulike arbeidsgruppene. Ein har også deltatt på ulike innspelsseminar og dialogmøte undervegs.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Arbeidet med sjølv handlingssprogrammet til Regionplan Agder 2030 tok til hausten 2019. Administrasjonen er representert i arbeidsgruppa, i lag med fleire andre frå Setesdal. Arbeidet med handlingssprogrammet vil halde fram i 2020.

NÆRING/REISELIV

NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND

Fylkeskommunen løyvde kr 500 000 frå midlane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for 2019. Dei overordna føringane for fondet er slik:

- fleire gode gründarar eller auka nyskaping
- nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
- fleire vekstkraftige verksemder, auka omsetning, lønsemd, auka verdiskaping
- auka konkurransekraft, produktivetsforbetringar
- fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
- kompetanseutvikling, eller auka tilgang på relevant kompetanse
- auka samarbeid mellom verksemder, eller med FoU-miljø
- omstilling av Sørlandet til lågutsleppssamfunnet
- internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- likestilling, inkludering og mangfald
- auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne

Næringsarbeidet omfattar i hovudsak handsaming av regionalt næringsfond og løyvingar finansiert gjennom budsjetttramma. Dei verksemda som fekk støtte i 2019 er lista opp i rekneskapsoversikten. Setesdal regionråd har ein strategisk fundert eigarpost i Evjeklinikken Holding AS som utgjær

ein aksjeandel på 13.71%. Setesdal regionråd teikna seg i 2019 for sin forholdsmessige del i to aksjeemisjonar i verksemda.

Setesdal Folkehøgskule, som har arbeidd målretta og langsiktig og fått til ei sterk utvikling dei siste åra, arbeider med re-etablering og vidareutvikling av linjetilbodet. Regionrådet løyvde eit tilskott på kr. 1.500.000,- til vidareutvikling av Setesdal Folkehøgskule.

Einskilde tilskott som støtte til Otra II sitt prosjekt Surfebølge Syrtveitsfossen, er i seg sjølv ikkje kommersielt fundert, men kan gje ringverknader for nærings- og reiselivet. Surfebølgen byggast i eit friluftsområde, og vil vere open for alle og gratis å bruke. Næringsideen her ligg i ringverknadene ein slik bølge kan gje for næringsliv og turisme, og som merkevare i seg sjølv, «den grønne bølga», jf. store satsingar i regionen som til dømes Electric Region Agder og satsing på berekraft, fornybar energi og internasjonal merkevare knytt til dette. Også for reiselivsnæringa vil surfebølgen vere eit godt supplement i «porteføljen» av tilbod i Setesdal og bidra til auka attraktivitet.

Gode arrangement skapar trivsel, samarbeid og utvikling, og er positive for fastbuande, besøkande og for lokalt næringsliv. Setesdal regionråd si støtteordning for arrangementsutvikling starta opp i 2019. Føremålet med ordninga er auka verdiskaping i regionen. Støtta gjeng til utvikling og nyskaping av nye eller etablerte arrangement. Det kom inn totalt 12 søknader, og 9 av desse fekk tilskott.

REISELIVSSAMARBEIDET VISIT SETESDAL

Hovudarbeidet er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som reiselivsdestinasjon og merkevare. Det blir arbeid med felles profilering på nett og i digitale kanalar. På visitnorway.com presenteres Setesdal som sjølvstendig reisemål på fleire språk. Det blir kjøpt digitale kampanjar, og kvart år blir Setesdalsguiden gitt ut på norsk/engelsk og tysk/nederlandsk med eit opplag på 43 000 eksemplar.

Setesdal vart re-merka som berekraftig reisemål i 2019. Kriteriesettet for merkeordninga er i konstant utvikling, og det er trong for eit stadig trykk på arbeidet fram mot neste re-merking i 2022.

REISELIV

Tenestekjøpsavtalen med Destinasjon Hovden vart vedteke vidareført ut 2020. Arbeidet i Visit Setesdal er organisert med eit interimstyre,

der dagleg leiar deltek. Hausten 2019 starta prosessen med å finne ein egna, permanent organisasjonsform med bistand av KS advokatene.

Mogeligheitsstudien Setesdalsvegen som nasjonal reiselivsattraksjon vart gjennomført i 2019. Som ein del av studien vart det mellom anna arrangert møte med Statens vegvesen si avdeling for Nasjonale turistvegar på Lillehammer. Sluttrapporten inneheld anbefalingar for det vidare arbeidet i åra som kjem.

Interimstyret i Visit Setesdal.
Frå venstre Rita Hansen, Ørnulf Hasla,
Roy Bakke, Tim Davis, Marcin Matysik



SETESDALSKONFERANSEN



Tim Davis og Gjertrud Forgard. Foto: Styrk Fjærtøft

Setesdalskonferansen 2019 vart arrangert på Revsnes Hotell 10.04.19 – 11.04.19. Konferansen er meint å vere ein arena for inspirasjon og ein møteplass for leiarar i private bedrifter og i det offentlege.

Styrk Fjærtøft var programleiar, og i komiteen for konferansen sat Ørnulf Hasla, Connie Barthold, Ann-Torill Briksdal, Ole P Bruun og Rita Hansen. Setesdalsprisen 2019 gjekk til Tim Davis. Sidan 1993 har han drive fram TrollAktiv på Syrtveit, eit eldorado innan friluftsliv, rafting og opplevingar, for små og store, familiar, grupper, skuleklassar og verksemder.

Storingsrepresentant Tellef Inge Mørland overrekte prisen, som er på kr 10 000 og eit diplom. Mørland peika mellom anna på evna Tim Davis har til å gripe moglegheitene og til å heile tida jobbe fram nye tilbod og aktivitetar.

Berre innan rafting kjem over 10.000 menneske til TrollAktiv på Syrtveit, og er den best besøkte raftingplassen i Noreg. Det er klart at dette gjev positive ringverknader i regionen vår.

Det vert også påpeika at Tim Davis er eit førebilete når det gjeld samarbeid, i lokalsamfunnet, med Otra II, lokalt næringsliv og ikkje minst for reiselivet i heile Setesdal.

Det er grunn til å tru at aktivitetsbasert turisme kjem til å bli enda større i Setesdal i framtida, eit potensiale Tim Davis såg lenge før veldig mange av oss, og som han stadig er ein viktig pådrivar for.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE IVELAND, EVJE OG HORNNES, BYGLAND, VALLE OG BYKLE

Ulike digitale tenester spelar ei stadig større rolle i kvardagen for innbyggjarane våre, næringslivet vårt og tilsette i kommunane våre. For å innfri forventningane deira og løyse oppdraget framover må vi planleggje godt og tenkje langsiktig. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunane, Setesdal IKT og regionrådet arbeidde gjennom året med tema digitalisering i kommunane. Ein henta erfaringar frå andre regionar og tok elles utgangspunkt i KS (Kommunesektoren sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon) sin digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar. Første fase, fram til slutføring av strategidokument, vart koordinert av administrasjonen i regionrådet. Arbeidet gjeng vidare i fase to, der ein mellom anna skal utarbeide forslag til ein felles tiltaksplan der ein prioriterer målsetjingar i strategien. Her deltek kommunane og Setesdal IKT.



SEMINAR – NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT

Setesdal regionråd arrangerte seminar med Advokatfirmaet Lund & Co DA torsdag 2. mai i kinosalen på Evjemoen. Over 80 politikarar frå 8 kommunar deltok på seminaret. Bakgrunn for seminaret var NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft, som Olje- og energidepartementet har sendt på høyring. Departementet vil gjennomgå NVE's forslag og høyringsuttalane før det takast endeleg stilling til politikken for vindkraft på land. Dette er ei aktuell sak fleire stader på Agder, og på seminaret vart det fokus på sjølve meldinga frå NVE og kommunanes høyringsuttalar.

REGIONALT POLITIRÅD

I samband med styremøtet i 18.12.19 vart det gjennomført årleg politiråd. Politimeister Kirsten Lindeberg og medarbeidarar møtte. Tema som vart belyst var dagens kriminalitetsbilette og regionale utviklingstrekk, omorganisering av sivil rettspleie, støttesenter for kriminalitetsutsette og strategi for førebygging av valdeleg ekstremisme og innsats på nett. SLT-koordinatorar vart i tillegg invitert, og hadde eigne innlegg i møtet med tema Interkommunalt rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020-2023, undersøkinga «Ung i Agder» og lokale funn.



Foran Finn Terje Uberg. Frå venstre Rita Hansen, Lars Erik Domaas, Sonja Lien Skjevraak og Vidar Johnsen. Dag Haugland og Gunn Marith Homme var ikkje til stades då bilete blei teken.

PROSJEKT

TRE I SETESDAL

“TRE i Setesdal” er eit mobiliseringsprosjekt innan tresatsing i regi av Setesdal regionråd med støtte frå Agder fylkeskommune og Fylkesmannen i Agder. Gjennom prosjektet har ein kartlagt alle bedrifter knytt til trenæring i Setesdal og Åseral, og desse er presentert på prosjektet si nettside - treisetesdal.no.

I tillegg er det arrangert ulike temadagar og befaringar, og ein stor konferanse “TRE i Setesdal” blir arrangert på Rysstad januar 2020.

Gjennom arbeidet har ein mellom anna ønskt å:

- Auke fokus på, og kompetanse om bruk av tre som byggjemateriale, både ovanfor private utbyggjarar, offentlege utbyggjarar, politikarar og byggjenæringa sjølv.
- Leggje til rette for nettverksbygging og kompetanseutveksling mellom aktørar i trenæringa.
- Leggje til rette for betre synleggjering av bedrifter innan trenæringa i Setesdal og Åseral.
- Informere unge om jobbmoglegheiter og utdanning knytt til trenæringa.

Trenden viser stor auke i førespurnad etter tre som byggjemateriale, og det er spådd at dette berre vil auke. Samstundes er det viktig at offentlege og private utbyggjarar tar sin del av ansvaret - både med tanke på det grønne skiftet, og for å byggje opp under lokale næringsdrivande og nytte lokale varer og tenester så langt det er mogleg.

Prosjektet blir avslutta med konferansen som blir arrangert i januar 2020.

Fra nettsiden treisetesdal.no



WPROSJEKT – MARA (MOBILITY AND ACCESABILITY IN RURAL AREAS)

Mara er eit Interreg/EU prosjekt med deltakarar frå Polen, Tyskland, Sverige, Finland, Russland, Latvia, Litauen og Setesdal. Prosjektet er del av ei større satsing i EU som gjeng ut på internasjonalt samarbeid og utvikling både innan mobilitet og lokalsamfunn i landa rundt Baltikum og Nord-Europa.

I mai vart det skipa til såkalla kick-off samling for alle partnarane i prosjektet. Samlinga vart lagt til Schwerin, Tyskland. Her fekk me ei naudsynt, fyrste innføring i prosjekt- og rapporteringssystemet i Interreg, og anledning til å bli betre kjent med kvarandre og dei einskilde delprosjekta. I løpet av prosjektperioden skal alle partnarane arrangere partnarmøte i eiga distrikt/land. I september vart det arrangert partnarmøte i Bialystock, Polen.

Prosjektarbeidet i 2019 bestod hovudsakleg av informasjonsinnhenting og kartlegging. Aust-Agder fylkeskommune lagde eit nettbasert mobilitetskart til bruk i prosjektet. I mobilitetskartet er alle tettstadene i kommunane våre lagt inn, og ein kan mellom anna sjå radius for bruk av el-sykkel. Hovudaktivitetane i prosjektet vil skje utover i 2020 og våren 2021.



DESENTRALISERT HELSESJUKEPLEIARUTDANNING

Universitetet i Stavanger var leverandør av desentralisert studietilbod i helsesjukepleie for regionane Lister, Lindesnes og Setesdal som vart avslutta i 2019. Gjennom eit tett og godt samarbeid med regionsamarbeida blei studiet så godt som fullfinansiert. Studiet gjekk over 4 semester med 5 studentar frå regionen vår, ein frå kvar kommune. Mange av studentane kjem til å ta mastergrad i faget, og vil representere solid fagleg kompetanse for regionen vår.

I juni vart det skipa til markering og avslutning for studentane på Båly Havhotell i Lindesnes. I tillegg til studentane deltok representantar frå akademien, UiS, samarbeidspartnarar og offentleg forvaltning. Styreleiar Bjørn A. Ropstad gratulererte studentane med vel gjennomført utdanning og takka dei ulike samarbeidspartnarane for arbeidet med å gjennomføre studiet.

Frå venstre ser me styreleiar Bjørn A. Ropstad i lag med «våre» fem ferske helsesjukepleiarar.



STUDIETUR TIL RØROS

STUDIETUR TIL RØROS

I juni reiste regionrådet på studietur til Røros. Programmet for turen vart utarbeidd av administrasjonen i samarbeid med kulturminnefondet.

Frå styret deltok Jon Rolf Næss, Steinar Kyrvestad, Vidar Frøysnes, Anne Eikerapen, Britt Ingrid Andersen, Bjørn Ropstad og Lars Reidar Vasland. Aasmund Lauvdal, rådmann i Bygland, og Roy Bakke, leiar interimstyre Visit Setesdal vart også med. Frå administrasjonen deltok Rita Hansen og Runar Granheim.

Me vart teke imot av direktør i Kulturminnefondet Simen Bjørgen. Bjørgen var vert, og var i lag med oss under heile programmet. Hovudpunkter frå programmet:

Velkommen til Røros ved ordfører i Røros Hans Vintervold, som fortalde om Røros, utvikling og kommunens deltaking og satsing på kultur, reiseliv og næringsliv. Kommunen har omlag 3800 innbyggjarar. 3000 hytter, og omlag 70 nye hytter

i året. Røros satsar tungt på kultur, i nært samarbeid med det lokale næringsliv. Røros Bergstad og «circumferensen» er på UNESCO kulturarvliste.

Destinasjon Røros (Visit Røros) fungerer som paraply/overbygging for reiselivet i fleire kommunar, som til dømes Os, Tynset, Tolga m.fl. Verdensarvrådet ved Runa Finborud, ordførar i Os kommune. Finborud orienterte kort om Os kommune, ein kommune med omlag 1904 innbyggjarar per 1.04.19, og innbyggartalet er synkende. Dei har 853 einebustadar og 1100 hytter. Verdensarvrådet er finansiert mellom anna av statlege tilskot, og jobbar for å ivareta verdensarvverdiene i tråd med konvensjonen, og til det beste for bergstaden og heile Circumferensen. Rådet har ansvar for å legge til rette for samarbeid, nettverksbygging, og gjennomføre planar for forvaltning. Vidare har dei ansvar for å ha oversikt over status, rapportering, spreie informasjon og vidare for å seie i frå dersom verdsarven er truga.

Frå venstre Rita Hansen, Steinar Kyrvestad, Runar Granheim, Britt Ingrid Andersen, Aasmund Lauvdal, Bjørn A. Ropstad, Lars Reidar Vasland, Vidar Frøysnes, Anne Eikerapen, Roy Bakke, Jon Rolf Næss

Neste bilde fra omvisning på Røros



INFORMASJON OG OPENHEIT

Rørosmuseet fungerer som ein base i arbeidet. Museet har over 70.000 besøkande i året, og er ein nasjonal leverandør av kompetanse innan restaurering og forvaltning av materiell kulturhistorie. Delegasjonen fekk ei omvising i Røros Kirke, med fokus på den omfattande opprustinga av kyrkja.

Fyrste dagen vart avslutta med middag ilag med Kulturminnefondet. Andre dagen starta med at Simen Bjørgen synte oss rundt i bergstaden, mellom anna med eit besøk ved Rørosmuseet og bygningsvernseter der. Vidare gjekk me til Kulturminnefondet sitt kontor, og fekk høyre meir om fondets arbeid og fokus, ved direktør Simen Bjørgen.


Deretter fekk me ei orientering om Røros mat, ved dagleg leiar Kristin Bendixvold. Den overbyggjande merkevaren er Røros, men hovudverdien er «immateriell». Det er samarbeid og delt kunnskap som er drivaren. Turen til Røros vart avslutta med ein lokalmatsafari.

Styremøta vart som hovudregel «streama» og kringkasta på radio. Valle radio står for det tekniske og praktiske, og opptak blir lagt ut på nettsida i etterkant.

Ein har gjennom 2019 arbeidd med å få på plass ei innsynsløysning med offentleg journal og politiske utval. Løysinga vart satt i produksjon desember 2019, og utvalsløysinga er komplett frå og med inneverande valperiode. Eldre møteinnkallingar og protokoller er samla og tilgjengelige frå nettsida. Offentleg journal er også operativ, med innhald frå og med ein lanserte løysinga.

Nettsida til regionrådet vart også oppgradert i 2019, og er dermed tilpassa utviklinga i samfunnet elles med omsyn til dei som ikkje nyttar vanleg pc, men mobile plattformer.

Jørund Georg Jore, Valle Radio.
Bildet under fra oppgradert nettside.



ØKONOMI

LØYVINGAR / DISPONERINGAR

UTGIFTER SR 2019

Interkommunalt samarbeid

5101	Studietur 2019	73 000
5101	Regional utviklingsplan for Setesdal 2030	100 000
5101	DS Bjoren, driftsstøtte 2019	104 000
		277 000

Infrastruktur

5201	RV9 - Planleggingsfond	1 000 000
5201	RV9 - påverknadsarbeid/utb.reserve	300 000
5201	RV9 moglegheitstodie Nasj. Turistveg	150 000
5201	Regionplan 2020	7 000
5201	Ladestasjon oppfølging 2016-	20 000
		1 477 000

Næringsutvikling Felles/bransjetiltak

5301	Visit Setesdal/Destinasjon Hovden 2014-	1 250 000
5301	Setesdalskonferansen	300 000
5301	Arrangementstøtte 2019-	54 100
5301	Evaluering tenestekjøpsavtale - Visit Setesdal	100 000
5301	Terassejazz, Dølen konsertserie	15 000
5301	Setesdalsfestivalen, Setesdal spelemannslag	20 000
5301	North Atlantic native sheep conference, Bygland husflidslag	20 000
5301	Hopprenn, Otra il	15 000
5301	Fylkesfinalen UKM Valle	15 000
5301	Sauesjåmarknaden i Valle	15 000
5301	Haugsen drift, lærling	25 000
		1 829 100

Bedriftsretta støtte

5000	Sesilåmi-utviklingsarbeid 2019-2021	100 000
5000	Norstill AS- Etableringsstøtte	200 000
5000	Serviteur Bygland AS, konverteringsutstyr	105 000
5000	Nordibø Landhandel, Etableringsstøtte	400 000
5000	Eigne Arrangement	122 000
5000	Setesdal Vekst, Bygland kommune	500 000
5000	Otra IL, surfebølge Syrtveitfossen	100 000

5000	Kallhovd Sveis AS	200 000
5303	UM/NM Løshund	25 000
5303	Julehuset, på Hornnes	10 900
5303	Ose Matmarknad	10 000
5303	Gunnar E Greibrokk, Nydyrking	29 000
5303	Tommy Uleberg, Nydyrking	8 605
5303	Petter Hegland, Nydyrking	6 400
5303	Etablering skredder Aloudat	30 000
5303	Valle sport - Konseptutvikling	25 000
5303	Evjeklinikken Nettbasert oppfølging	150 000
5303	KVS Bygland	100 000
5303	Koneriet - etableringsstøtte	25 000
5303	Campinghaller - Josima	100 000
5303	Inn på TUNET Sørlandet	20 000
5303	Helle bakeri	150 000
5303	Skogselskapet i Agder, transport 2019	25 000
5303	Setesdalsbudet, profilering	37 500
5303	Bjørgum gard, yoga	35 000
5303	Evje handelsforeinig, tur	19 000
5303	Omnes Consult	25 000
5303	Otra IL, surfebølge Syretveitfossen	200 000
5303	Hylestad eidegom/vidareutvikling Setesdal folkehøgskule	1 500 000
5303	Landsskytterstevnet 2019	200 000
		4 458 405

Kompetanse og FOU

5401	nye desentraliserte studietilbud 2016-	140 000
5401	Studiesenteret	60 000
5402	Mara hovedprosjekt	450 000
		650 000

Andre øyremerkta satsingar

5502	Fellestiltak reiseliv inkl IP soner	400 000
		400 000

9000 DRIFT SR

4 574 605,06

BALANSEREKNESKAP

EIGEDLAR	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
A. ANLEGGSMIDDEL		
Utstyr	1 500 140	1 750 163
Utlån	170 000	190 000
Aksjar og andeler	1 801 704	904 169
Pensjonsmidler	2 555 394	2 300 877
SUM ANLEGGSMIDLER	6 027 238	5 145 209
B. OMLØPSMIDLER		
Kortsiktige fordringer	4 233 670	8 793 179
Premieavvik	147 736	0
Kasse,postgiro, bankinnskudd	21 056 653	12 877 410
SUM OMLØPSMIDLER	25 438 059	21 670 588
SUM EIGEDELER	31 465 297	26 815 797
GJELD OG EIGENKAPITAL		
C. EIGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	18 990 283	16 433 844
Bundne driftsfond	2 216 078	2 942 086
Ubundne kapitalfond	16 100	16 100
Regnskapsmessig overskudd	887 571	735 271
Regnskapsmessig Underskudd	-6 135	0
Kapitalkonto	3 115 622	2 418 307
SUM EIGENKAPITAL	25 219 519	22 545 608
D. GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Pensjonsforpliktelse	2 911 220	2 726 506
SUM LANGSIKTIG GJELD	2 911 220	2 726 506
KORTSIKTIG GJELD		
Anna kortsiktig gjeld	3 334 557	1 549 284
Premieavvik	0	-5 600
SUM KORTSIKTIG GJELD	3 334 557	1 543 684
SUM GJELD	6 245 777	4 270 190
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	31 465 297	26 815 797

DRIFTSREKNESKAP

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
DRIFTSINNTEKTER		
Salsinntekter	- 210	- 490
Refusjonar	- 1 478 520	- 2 901 935
Overføringer	- 12 408 333	10 395 000
SUM DRIFTSINNTEKTER B	- 13 887 063	- 13 297 425
DRIFTSUTGIFTER		
Lønn inkl. sosiale utg.	1 723 057	1 891 094
Kjøp av varer og tenester	3 940 329	4 191 217
Overføringer	5 755 255	5 071 150
Avskrivinger	250 023	250 023
SUM DRIFTSUTGIFTER C	11 668 665	11 403 484
DRIFTSRESULTAT D=B-C	2 218 399	1 893 941
FINANSPOSTER		
Renteinntekter	- 385 710	- 256 595
Rentegifter	0	0
Motteke avdrag på lån	- 20 000	- 20 000
Motpost avskrivningar	- 250 023	- 250 023
ORDINÆRT RESULTAT H	- 2 874 132	- 2 420 560
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER		
Avsettinger	5 847 374	5 034 487
Bruk av tidl avsetningar	- 3 860 813	- 3 362 535
Brukt til fin. av utg i kap.rekneskap	0	13 338
SUM AVSETNINGER J	1 986 560	1 685 289
REGNSKAPSMESSIG RESULTAT K=H+I-J	887 571	735 271
Regnskapsmessig overskot	887 571	735 271

NOTER

NOTE BEMANNING OG YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR	2 019	2 018
Bemanning i årsverk	2	2
Lønn dagleg leiar: -Samla løn og annen fast godtgjøring	776 769	849 411
-Beregnet verdi av totale fordeler som blir sett som godtgjøring	4 392	4 969
Godtgjøring styreleiar -Samla løn og annen fast godtgjørelse	87 974	85 000
Godtgjøring revisor: -regnskapsrevisjon og diverse attestasjonsoppdrag	37 625	27 188
-Rådgivning og andre tjenester	6 100	5 813

NOTE - AKSJER OG ANDELER (ANLEGGSMIDLER)

Selskapets navn	Eigrandel i selskapet	Eventuell marknadsverdi	Balanseført verdi 2019	Balanseført verdi 2018
EK- tilskot KLP			38 495	32 360
Setesdal bilruter	4,01 %	2 872 980	445 500	445 500
Destinasjon Hovden	1,18 %	16 523	15 333	15 333
Eyjeklinikken Holding	13,72 %		1 302 376	0

NOTE - SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR

Kommune	Beløp
Evje og Hornnes kommune	-1 300 000
Evje og Hornnes kommune	18 524
Bygland Kommune	-1 300 000
Valle Kommune	-1 300 000
Valle kommune	498 041
Bykle Kommune	1 300 000
Åseral Kommune	- 1 933 333

NOTE - EKSTERNE INNTEKTER OG UTGIFTER	2 019	2 018
Salgsinntekte	- 210	- 490
Refusjon frå staten ekskl.mvakomp	- 183 000	- 450 000
Refusjon moms påløpt i driftsregnskap	- 704 020	- 879 860
Refusjon frå fylkeskommunar (KMD m.v)	- 200 000	- 1 100 000
Overføring frå fylkeskommunen	- 5 275 000	- 5 195 000
Andre refusjonar	- 391 500	- 472 075
TOTALT	- 6 753 730	- 8 097 425

REVISORMELDING



Til styret i Setesdal Regionråd

UAVHENGIG REVISORS BERETNING FOR 2019

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd som viser et revidert resultat på kr 2 874 152 og et regnskapsmessig resultat på kr 887 571. Årsregnskapet består av beløpe per 31. desember 2019, driftsregnskap og kapitalregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av selskaps finansiell stilling per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapslokk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonslokk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet, vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre avrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapsnivå vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilgjengelige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon. Dermed vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pliktet å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende. Vi henviser for øvrig til avsnittet «Konklusjon om årsberetningen» under uttalelse om øvrige hensiktsmessige krav.

Revisjonsleder Kristian Sand	E-post: post.revisjon@setesdalregionrad.no	Avt. Entesdal
Postboks 4	Postnummer 4881 Nordland	Kommuneregion 19
Kommune: Tvedestrand 37	Telefon: 48 100 100	4708 Ege
Org.no: 887 932 874	Telefax: 48 100 452	

REVISOR

Om årsregnskapet

Regnskapet er utarbeidet i samsvar med lov og forskrifter, og fremstillingen i samsvar med kommuneloven med tilhørende forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskapslokk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som utarbeides i årsregnskapet som ikke inneholder vesentlig feil eller utilisiktede feil.

Om revisjonen av årsregnskapet

Vi oppnådde tilfredsstillende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon eller utilisiktede feil, og å avgi en slik konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, som utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonslokk i Norge vil dekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon som ikke er utilisiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig feil med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger i årsregnskapet.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonslokk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet, vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre avrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapsnivå vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilgjengelige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon. Dermed vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pliktet å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende. Vi henviser for øvrig til avsnittet «Konklusjon om årsberetningen» under uttalelse om øvrige hensiktsmessige krav.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av selskaps finansiell stilling per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapslokk i Norge.


Et de disposisjoner som ligger vedlagt, og et budsjettbeløpene

er vi at opplysningene i og er i samsvar med lov og

kontrollhandlinger vi har funnet gjennomført (SAE) 3000 utvalgt av historisk finansiell risiko og oversiktlig registrering i lov og god bokføringslokk i

Ege 15. 06 2020
Agder Kommunerevisjon AS

Torstein Fyten
oppgavesvarlig revisor



Utgjevar: Setesdal regionråd
Tekst: Setesdal regionråd
Design: Tress Design AS
Trykk: Setesdaltrykk

Foto: 4 / 10 / 14 / 30 Ann Kristin Tollefsen
12 / 13 Geir Daasvatn
18 Styrk Fjærtøft
Øvrige foto: Setesdal regionråd





Setesdal Regionråd,
kommunehuset, 4747 Valle
Tlf 37937500
post@setesdal.no www.setesdal.no



EVJE OG HORNNES KOMMUNE
Kasernevegen 19 4735 Evje

BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18 4745 Bygland

VALLE KOMMUNE
Postboks 4 4747 Valle kommune

BYKLE KOMMUNE
Sarvsvegen 14 4754 Bykle

ÅSERAL KOMMUNE
Gardsvegen 68 4540 Åseral